

# Ledig lærarstilling / spesialpedagog 2.gng.utlysing!



Stillingsprosent – etter avtale – 60-100%.

Tilsettings dato 01.08.2023

Mannlege søkarar og søkarar med montessoriutdanning, eller motivasjon for å starte på utdanning, vil bli prioritert.

For å få fast stilling må du ha tilleggstudning i montessoripedagogikk.

Lønn etter avtale, og i samsvar med tariff.

Ved tilsetning må ein vise gyldig politiattest.

## Ønska kvalifikasjonar:

Grunnskulelærer/ faglærer (ulike fag av interesse)

Spesialpedagogisk kompetanse

Montessoriutdanning (Dette kan skulen tilby ei støtteordning for å få ta, viss du ikkje alt har det.)



**Søknadsfrist 23.april 2023**

Før opp minst 2 referansar!

Søknaden sendast til: [post@midsundmontessori.no](mailto:post@midsundmontessori.no)



Midsund Montessoriskule er ein skule for elevar frå 1.-7.klassetrinn, som starta opp i 2009. Vi er godkjent for 60 elevar, og til å drive etter montessoripedagogikken. Vi har derfor stort fokus på at tilsette skal ha eller få utdanning innan denne pedagogikken. Vi har elles fokus på å bruke fysisk aktivitet og naturen i læringa, og vi har godt samarbeide med «Inn på tunet garden» Akslaheugen gard. Vi er opptatt av å skape gode relasjonar .



Midsund er eit lite øysamfunn, som i januar 2020 blei ein del av Molde kommune. Her bur ca. 2000 innbyggjarar. Er du glad i fjell og sjø, så er dette plassen for deg. Her er du omgitt av vakker natur, og gode moglegheiter for friluftsliv og ulike idrettar! Vi har også ein aktiv kulturskule. Du kan sjå meir om skulen og kommunen på facebook og vår nettside. Du kan sjå <https://portalmidsund.no/> for meir info om vårt vakre øysamfunn på Romsdalskysten.



For meir info: Ta kontakt!

Midsund Montessoriskule: 909 57 520

Rektor; Lillian Blø Rakvåg: 911 90 197

Mail: [post@midsundmontessori.no](mailto:post@midsundmontessori.no)

